



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/947 - 16/18912

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
30.06.2016

## Rammeløyve for oppføring av bustad på vilkår - omgjering/ending av tidlegare vedtak - gbnr 137/168 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 337/16**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søker:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

**Saksutgreiing:**

Lindås kommune viser til korrespondanse i saka vedkomande delvis oppført naust, samt oppført kai og flytebrygge med landgang i vår.

I brev frå Lindås kommune datert 11.04.2016 vart det gjeve følgjande konklusjon på gjennomgang av dei tiltaka som alt var utført på eigedommen:

### 1. Kai og flytebrygge:

Det vart gjeve rammeløyve i vedtak datert 24.04.2003 og igangsettingsløyve i vedtak datert 01.07.2004.

Det som har vore gjenstand for diskusjon har vore kva det vart gjeve igangsettingsløyve til i vedtaket, ut frå ordlyden «Løyve gjeld utføring av grunnarbeid på nedsida av muren, for oppføring av kai og 2 stk. naust». Lindås kommune ser at det er rom for tvil og tolkingar av kva det er gjeve igangsetting til, på den eine sida at igangsettingsvedtaket kun gjeld for grunnarbeidet, eller at det også omfattar sjølve oppføringa av kai/flytebrygge og naust. Kommunen har gjeve ulike tilbakemeldingar tidlegare i saka, på korleis vi tolkar dette.

På bakgrunn av den nye gjennomgangen kommunen har hatt i saka, og vurderinga som kjem fram i dommen frå tingretten, er Lindås kommune sin konklusjon at det vart gjeve igangsettingsløyve til både grunnarbeid, oppføring av kai, flytebrygge og naust i vedtak datert 01.07.2004.

Lindås kommune legg såleis til grunn at kai og flytebrygge er lovlege oppførte tiltak, under føresetnad av at det er oppført i samsvar med dei løyva som ligg til grunn.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



## 2. Naust

Når det gjeld naust viser kommunen til sine tidlegare vurderingar i saka, jf. brev datert 25.01.2012 og etterfølgjande korrespondanse.

Lindås kommune meiner at tillatelsen til oppføring av naust har gått ut, på grunn av opphald i arbeidet i meir enn 2 år, jf. plan- og bygningslova § 21-9 1.ledd.

På bakgrunn av den nye gjennomgangen av saka, vert Lindås kommune sitt vedtak datert 28.05.2015 omgjort og endra med heimel i forvaltningslova § 35.

Lindås kommune viser til dei vurderingar, godkjenningar og vilkåra som er satt i vedtak datert 28.05.2015, og vidarefører dei dette vedtaket, med unntak av eksisterande punkt 10 som utgår.

Når det gjeld grunnmurar for naust og fjerning av disse, vert dette følgd opp i eiga sak.

### **VEDTAK:**

**Kommunen gjev rammeløyve til etablering av einebustad med utleieeinig i samsvar med søknad journalført 09.03.2015 og ettersendt tilleggsdokumentasjon, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.**

**Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll» i vedtak datert 28.05.2015.**

**Kommunen gjev dispensasjon frå**

- Byggegrensa mot sjø, jf. punkt 2.2.2 i føresegnene til kommunedelplanen
  - Krav om reguleringsplan, jf. punkt 2.3 i føresegnene til kommunedelplanen
- Jf. Pbl. § 11-6 jf § 19-2.**

**Nabomerknader er teke til følgje**

**Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.**
- 2. Tiltaket må utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010. Det vert ikkje gjeve unntak frå dei tekniske krava når det gjeld eksisterande grunnmur/bakvegg for bustaden.**
- 3. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan datert 26.08.2014, med ferdig golv sokkeletasje på kote 12,00.**
- 4. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg vatn og avløp.**  
**I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring av sanitæranlegg sendast til kommunen si VVA-avdeling på særskilt skjema vedlagt turvande planar.**
- 5. Eigaren av eigedomen og ansvarlege føretak skal innordna seg kommunedelplanen med føresegner.**
- 6. Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.**
- 7. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.**
- 8. Avfallsprodusent skal ved tilsyn kunne dokumentere ved kvitteringer at avfall er levert godkjent mottak som næringavfall. Gjenvinningsstasjoner for private husholdningar skal ikkje nyttast.**

**Før igangsettlingsløyve for tiltaket vert gjeve må følgjande vilkår vere stetta:**

- 1. Løyve til tilkopling til offentleg vass- og avløpsanlegg må sendast inn. Eventuelle samtykke til legging av private leidningar på annen manns eigedom fram til tilkoplingsstaden må dokumenterast.**
- 2. Dokumentasjon for at det ligg føre vegrett på den private vegen fram til offentleg veg må dokumenterast.**
- 3. Det må dokumenterast at det er gjeve løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse.**

**Før bruksløyve/ferdigattest for tiltaket vert gjeve må følgjande vilkår vere stetta:**

**9. Utomhusareal må vere opparbeidd og tilplanta i samsvar med godkjent utomhusplan/situasjonsplan.**

**10. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/947

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Rammeløyve - oppføring av bustad på vilkår - dispensasjon - gbnr 137/168 Alver

**Kopi til:**

Stian Gabrielsen

Øvre Hordvikneset 5108  
90

HORDVIK

**Mottakarar:**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen  
AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ